



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
18.01.2017  
Dykkar dato  
16.12.2016

Vår referanse  
2016/1547 733.1  
Dykkar referanse  
16/324

Meland kommune v/ rådmann  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Oppfølging etter tilsyn med Meland kommune – møte 16. februar 2017

Vi viser til rapporten frå tilsynet og seinare brevveksling om framdrift i arbeidet med å rette avvik, sist brev av 16. desember 2016 med vedlegg frå Meland kommune.

Opplysningane er tekne til orientering. Vi har forståing for at det framleis er noko tidleg før de kan konkludere om tiltaka fungere som planlagt. Vi har merka oss at system for internkontroll er under planlegging og at det skal arbeidast vidare med dette i det komande året. Frå 1. januar 2017 gjeld ny forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta.

Vi ønskjer i informasjon korleis tiltaka som er sett i verk fungerer i praksis. I telefonsamtale med rådmannen har vi avtalt møte 16. februar klokka 12.00. Vi ber om at leiar for heimetenestene blir med på møtet hos dykk.

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Torill Vebenstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*